



Førde kommune

Ei drivkraft med menneska i sentrum



Brukarutvalet

www.forde.kommune.no



Kva rører seg

- Velferdsteknologiprojektet vert vidareført
 - Midlar i frå Fylkesmannen
 - Søkt Helsedirektoratet 14 kommunar
- Stor aktivitet på ABC opplæring i fylket
- Pasienttryggleiksprogrammet, leiarforankring
- Statsrådsbesøk, Stryn, Gloppen og Førde
- Felles prosjekt, -Pasientar med store og samansette behov» Førde, Eid, Flora, Helse Førde.
- Repestant til fag og samarbeidsråd Utviklingssenteret


Ei drivkraft med menneska i sentrum

Kostratal

- www.samhandling-sfj.no

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Behov



Ei drivkraft med menneska i sentrum

Behov

- Figuren syner at det er ein sterk vekst i tal innbyggjarar over 67 år og eldre i Førde fram mot 2040. Veksten er sterkast i aldersgruppa 67 – 79 år, og her startar veksten særskilt frå 2020 og utover med ein auke på +/- 200 for kvart 5. år. Når det gjeld aldersgruppa 80-89 år, startar den største veksten først frå 2025 og framover. Vi får då ein vekst mellom 170 og 190 innbyggjarar for kvart 5. år fram til 2040. Når det gjeld innbyggjarar 90 år og over, er det ein liten vekst fram til 2025. Så vil det bli om lag 50 fleire over 90 år i perioden 2025 til 2035.
- I planperioden til Helse- og omsorgsplanen som gjeld for perioden 2016 – 2026, har vi då ein auke på om lag 120 personar i alderen 80 år og over. Det er denne aldersgruppa som utgjer tyngda av mottakarane av helse- og omsorgstenester

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Nøkkeltal - institusjon og heildøgns bustad, 2014

| | Landet u/Oslo | Førde | Gaular | Naustdal | Jølster | Flora | Sogndal |
|--|---------------|-------|--------|----------|---------|-------|---------|
| Andel bebuarar i bustad til PLO-føremål 80 år + | 40,1 | 57,4 | 46,4 | 37,5 | 58,5 | 37,8 | 67,3 |
| Andel innbyggjarar 80 år + som bur på institusjon | 13,4 | 13,6 | 21,5 | 11,3 | 4,2 | 11,5 | 8,5 |
| Andel innbyggjarar 80 år + i bustad med heildøgns bemanning | 3,9 | 6,7 | 0 | 5,3 | 16,3 | 0 | 7,6 |
| Plasser i institusjon i % av innbyggjarar 80 år + | 18,4 | 19 | 22 | 14,6 | 6 | 25 | 10,9 |
| Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i % av innbyggjarar 80 år + | 29 | 31 | 26 | 31 | 28 | 34 | 21 |

Samanlikna med landssnitt ser vi at Førde har god dekningsgrad både når det gjeld andel innbyggjarar 80 år + i bustad med heildøgns bemanning. Jølster skil seg klårt ut her – men dei har hatt ei tydeleg satsing mot bustader med heildøgns bemanning, og bygd ned talet institusjonsplassar. Vi ligg om lag på landssnitt når det gjeld tal plassar i institusjon i % av innbyggjarar 80 år +.

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Bellegg Førde Helsetun

| Veke / mnd / kvarta / år | Førde Helsetun, samla tal | | | | | |
|--------------------------|----------------------------|-------|-----------------|-----------------|-------------------|------------------------|
| | Tal plassar i bruk (av 74) | % | Langtid - antal | Korttid - antal | Avlasting - antal | Rehabilitering - antal |
| Snitt 2008 | 68,5 | 99,3 | | | | |
| Snitt 2009 | 68,9 | 99,9 | | | | |
| Snitt 2010 | 71,8 | 103,8 | 67,2 | 1,9 | 2,3 | 0,2 |
| Snitt 2011 | 74,9 | 107,1 | 68,2 | 3,1 | 3,2 | 0,3 |
| Snitt 2012 | 75,5 | 104,8 | 68,0 | 5,4 | 2,0 | 0,1 |
| Snitt 2013 | 69,3 | 94,3 | 61,4 | 3,8 | 2,9 | 1,2 |
| Snitt 2014 | 67,7 | 91,4 | 57,7 | 5,5 | 2,7 | 1,6 |
| Snitt 2015 | 68,7 | 92,8 | 54,9 | 9,1 | 3,1 | 1,8 |
| Snitt januar | 66,3 | 89,5 | 53,8 | 7,8 | 3,0 | 1,8 |
| Snitt februar | 69,5 | 93,9 | 54,5 | 9,25 | 2 | 3,75 |
| Snitt mars | 69,4 | 93,8 | 54 | 9 | 3,4 | 2,8 |
| Snitt april | 65 | 87,8 | 53,75 | 7,5 | 2 | 1,75 |
| Snitt mai | 65,5 | 88,5 | 53,25 | 7,5 | 2 | 3,25 |
| Snitt juni | 63,8 | 86,2 | 54 | 5,4 | 2,2 | 1,8 |
| Snitt juli | 67 | 90,5 | 53 | 8,25 | 3,25 | 2,25 |
| Snitt august | 65,6 | 88,6 | 52,4 | 9,2 | 3,2 | 0,8 |
| Snitt september | 64,4 | 87,0 | 52 | 9 | 2,6 | 0,8 |
| Snitt oktober | 66,75 | 90,2 | 52,25 | 9,25 | 4,25 | 1 |
| Snitt november | 69,6 | 94,1 | 53,4 | 10,8 | 3 | 2,2 |
| Snitt desember | 65,25 | 88,2 | 53,25 | 9,75 | 1,5 | 0,75 |
| Snitt 2016 | 66,5 | 89,9 | 53,3 | 8,6 | 2,7 | 1,9 |

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Belegg Førde Helsetun

- Tala over belegget på Førde Helsetun syner at vi i 2008 og 2009 hadde eit belegg på om lag 100 %, og at vi hadde overbelegg i åra 2010-2012. Våren 2013 oppretta vi eiga korttidsavdeling på helsetunet for å raskare kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset. I denne eininga vart det også sett av 4 plassar til rehabilitering. Vi auka også opp ressursane våre til sjukeheimsleige og til vaktmeister for tekniske hjelpemiddel. Figuren over syner at vi ikkje har hatt overbelegg på helsetunet frå 2013 og framtil i dag. Snittbelegget i 2016 var på 89,9 % og har gått jamt nedover dei siste året. Det er grunn til å tru at oppretting av korttidsavdelinga har vore ei medverkande årsak til dette. Oppretting av tildelingskontor for helse- og omsorgstenester kan også vere ein medverkande faktor då vi får ein meir samla og effektiv sakshandsaming av helse- og omsorgstenester. Samtidig så må vi ha med oss at når vi har redusert pågangen på institusjonsplassar, har truleg pågangen til heimetenester ha auka.

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Utviklingstrekk

Kva som kan påverke behovet

- Velferdsteknologi
- Friskare eldre
- Fleire bustader i sentrum
- Eldre planlegg betre sin alderdom
- Fleire eldre flyttar til Førde
- Fleire yngre som treng helse og omsorgstenester
- Ny kommune

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Oppsummering i frå utgreiingsrapporten

- Tal og statistikk som er synt i kap. 2 viser at Førde per i dag har relativt god kapasitet når det gjeld tal institusjonsplassar. Vi ligg over landssnittet når det gjeld dekningsgrad i institusjon og heildøgns bustad når det gjeld aldersgruppa 80 år og over, og vi har dei siste åra ikkje nytta kapasiteten på Førde helsetun fullt ut.
- Folketalsframskrivingar syner likevel at Førde får ein større andel eldre innbyggjarar, og særskilt frå 2025 og utover vil det vere vekst i den eldste aldersgruppa. Det betyr at vi må byggje ut kapasiteten vår både på institusjonsplassar og heildøgns bustad. Dersom vi yter tenester på same måte som i dag, vil vi ha 20 fleire som har behov for institusjonsplass eller heildøgns omsorg i 2025. I heimetenestene vil om lag 100 fleire ha behov for hjelp. Endringar i måten vi yter tenestene våre på, vil forhåpentlegvis bidra til at fleire kan bu endå lenger i eigen heim enn dei gjer i dag, og behovet for heildøgns omsorg vert mindre. Dette medfører på den andre sida større pågang på heimetenestene, og der er viktig at dei får tilført nok ressursar til å gjere den jobben dei skal.

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Helse og omsorgsplan vidare arbeid

- I helse- og omsorgsplan for perioden 2016 – 2026 har vi skissert at vi ser føre oss at vi byggjer på eksisterande sjukeheim, Førde helsetun, med 1 eller 2 etasjar. I tillegg er det behov for å rive pensjonistheimen som er i dårleg forfatning og at vi byggjer opp nye plassar for heildøgns omsorg eller omsorgsbustader på denne tomta. Med bakgrunn i den forventade auken for institusjons- og heimetenester, meiner vi framleis at dette er ei god løysing. Vi ynskjer derfor å få gjennomført ein mogelegheitsstudie for å sjå kva vi kan få til gjennom desse løysingane. Denne studien skal skildre kva mogelegheiter vi har for å byggje på Førde helsetun og korleis dette best kan løyast. I tillegg skal den kome med forslag til korleis vi best kan nytte tomta som dagens pensjonstheim står på. Vi ynskjer at vi i størst mogeleg grad kan sjå desse to bygga i ein samanheng.

Ei drivkraft med menneska i sentrum

Bakgrunn, moglegheitsstudie

- Med basis i dette, ynskjer vi at moglegheitsstudien skal ha inne løysingar for følgjande behov:
- 30 omsorgsbustader (inkl. erstatning av pensjonistheimen)
- 10-15 bustader med heildøgns omsorg
- 10-15 institusjonsplassar
-
- I tillegg ser vi at med dagens vekst av heimetenestene, så må basen til desse tenestene utvidast. Lokala til fysioterapi- og ergoterapitenesta er allereie i dag for knappe. Vi vil derfor at studien også skal omfatte korleis ein kan byggje større og betre base for desse innanfor desse areala

Ei drivkraft med menneska i sentrum